


arbeids- og utdanningsreiser

særskilt tilrettelagt transport



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt. 5,
Postboks 7900,
5020 Bergen
Telefon 55 23 90 00

www.hordaland.no



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Kva er arbeids- og utdanningsreiser?

Særskilt tilrettelagt transport mellom heim og utdannings-/arbeidsstad der du betalar eigendel lik busstakst på den aktuelle strekninga.

Mange funksjonshemma har store problem med å reise til og frå studie- eller arbeidsplass. Dette kan hindre deltaking i samfunnsliv og at ein ikkje oppnår ønska integrering i arbeidslivet.

Samferdselsdepartementet og fylkeskommunen vil bidra til å leggje tilhøva betre til rette for funksjonshemma. Dei som på grunn av sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte det ordinære rutegåande transporttilbodet kan difor søkje om særskilt tilrettelagt transport med drosje eller spesialbil.

Ordninga gjeld

- for studentar og arbeidstakarar som på grunn av sjukdom og/eller funksjonshemming ikkje kan nytte offentleg rutegåande transport.
- for personar som av medisinske årsaker har mista førarkort i ein tidsavgrensa periode
- for lærlingar som oppfyller dei medisinske vilkåra
- transport mellom bustad og utdanningsstad
- også dersom du skal byrje på utdanning utanfor heimfylket
- inntil 2 turar dagleg (tur/retur) inntil 5 dagar veka i samsvar med timeplan/arbeidstid

Vilkår for å få særskilt tilrettelagt transport

Du må ha varige forflytningsvanskar som medfører at du ikkje kan reise til og frå undervisnings- eller arbeidsstaden med vanleg rutegåande transportmiddel, eller reisa må føre til så store belastningar for deg at det ikkje er rimeleg å krevje at du skal nytte rutegåande transportmiddel. Varige forflytningsvanskar = minst 1år.

Dersom du er på eit attføringstiltak eller har arbeidsinntekt inntil 1G fell du utanfor ordninga.

Det same gjeld dersom du har fått stønad til bil gjennom folketrygda. Du kan likevel få godkjent særskilt tilrettelagt skyss for ein tidsavgrensa periode - til dømes i samband med verkstadopphald eller i periodar av året grunna værtilhøve.

For personar med påsitjarbil blir kvar einskild søknad vurdert særskilt.

Kvar kan ein søkje

Dersom du ønskjer meir informasjon om ordninga eller tilsending av søknadsskjema kan du kontakte samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune på

telefon 55 23 93 63 eller på e-post: samf@hordaland-f.kommune.no

Søknadsskjema og meir informasjon om ordninga er også lagt ut på Hordaland fylkeskommune si heimeside:

www.hordaland-f.kommune.no/samferdsel